



Fredrik Jordal
Radøyvegen 593
5938 SÆBØVÅGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/8360 - 22/84308

Saksbehandlar:
Trygve Solberg
trygve.solberg@alver.kommune.no

Dato:
04.11.2022

Mellombels bruksløyve - gbnr 479/5 Tjore nedre

Administrativt vedtak: Saknr: 1248/22
Tiltakshavar: Fredrik Jordal
Ansvarleg søkjar: Vidar Langenes
Søknadstype: Søknad om mellombels bruksløyve

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd vert det gjeve mellombels bruksløyve for tilbygg til og ombygging av våningshus på gbnr 479/5 på følgjande vilkår:

- 1. Mellombels bruksløyve gjeld følgjande del av tiltaket: heile tiltaket**
- 2. Ferdigattest skal liggje føre innan 10.06.2024.**

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt, med unntak av nokre mindre vesentlege arbeid. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 08.12.2019 (rammeløyve).

Ansvarleg søkjar har stadfesta at byggverket har tilfredsstillande tryggleiksnivå til å takast i bruk. Følgjande arbeid står att:

1. Balkong i front av bygget
2. Ferdigstilling av bad på loft.

Mellombels bruksløyve gjeld heile tiltaket.

Ansvarleg søkjar har opplyst tidspunkt for ferdigstilling til: 10.06.2024.
Det vert elles vist til søknad motteken 11.10.2022.

VURDERING

Kommunen legg mottaken dokumentasjon til grunn og vurderer at det står att mindre vesentleg arbeid, og finn etter ei samla vurdering at det kan skrivast ut mellombels bruksløyve for heile tiltaket.

Skildring

Adresse:	Radøyvegen 593
Bygningstiltak:	Våningshus - ombygging
Bygningsnummer:	176131500 -2
Bygningstiltak:	0
Bygningsnummer:	176131500 - 3
Bruksareal:	58m ²

Oppfølging av mellombels bruksløyve

Dersom søknad om ferdigattest ikkje ligg føre innan opplyst frist skal kommunen gje pålegg om ferdigstilling. Pålegg om ferdigstilling kan gjennomførast ved sanksjoner. Bygningen eller delar av han må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve.

Regelverk

- Krav til sluttkontroll og ferdigattest følgjer av plan- og bygningslova (pbl) §21-10.
- Kommunen kan gje mellombels bruksløyve før ferdigattest, jf. pbl § 21-10 tredje ledd.
- Kommunen skal følgje opp mellombels bruksløyve som er gått ut på dato og eventuelt gi pålegg om ferdigstilling, jf. pbl kapittel 32.
- Viss du skal endre bruken av bygningen krev dette søknad, jf. pbl § 20-1 bokstav d).

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 20/8360

Med vennleg helsing
Alver kommune

Are Frøysland Grande

Trygve Solberg

Avdelingsleiar

Sakshandsamar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Fredrik Jordal, Vidar Langenes Radøyvegen 5938
593

SÆBØVÅGEN

Vidar Langenes Kvassnesvegen 5914
19

ISDALSTØ